

## Terningspelet

Folkevise. Denne varianten av visa tok Klara Semb inn i rettleiingsboka av 1946. Visa er også med i "Norske Folkedansar. Songdansar" av 1985. Visa er ei dansk folkevise som Klara Semb har omsett til norsk. Vi har teke med dei versa som er mest vanleg å bruke. (Det er 22 vers i NFS). [Høyr på songen her \(mp3\)](#).

Dansemåten er laga av Klara Semb og kom med i NF II i 1948.

**Dansemåte:** Først 2 attersteg og 4 sviktar av neste. Brigdet byrjar på "For dei...". Då dansar alle eit krosssteg (høgre bak) og eit slengsteg til venstre, og så eit krosssteg og slengsteg til høgre. Så tar vi parvis saman begge i begge og går rundt ca ein gong på staden med sola, og avslutter med at jenta støyper ljós (ryggen inn i ringen) og guten bøyer seg framover, medan dei held saman begge i berre som før.

1) Prinsessa sat i høgan loft med handi under kinn,  
då kom ein fager ungersvein gangande dit inn.

- *For dei leika, for dei leika,  
dei leika og dei spela gullterning.*

2) "Å høyr du fagre ungersvein leik tavlebord med meg!"  
"Eg heve inkje raudan gull å setja opp mot deg"

3) "Du setje inn din gode hatt, -  
Så set eg opp mi perlesnor freist om du ho kan få!"

4) Då fyrste gong gullterningen på tavlebordet rann,  
ungersveinen tapa han og stolte jomfru vann.

5) "Å, høyr du fagre ungersvein, leik tavlebord med meg!"  
"Eg heve inkje raudan gull å setja opp mot deg!"

6) "Di kappe set du opp mot meg, med raude snorer på,  
så set eg opp min ring av gull, freist om du han kan få!"

7) Då andre gong gullterningen kring tavlebordet rann,  
Ungersveinen tapa han og stolte jomfru vann.

8) "Å høyr du fagre ungersvein leik tavlebord med meg!"  
"Eg heve ikkje raudan gull å setja opp mot deg!"

9) "Du setje dine hosor inn, og dine ferdaskor.  
Så set eg opp alt det eg hev mi ære og mi tru!"

10) Då tredje gong gullterningen kring tavlebordet rann,  
stolte jomfru tapa ho og ungersvein han vann.

19) Prinsessa sine hender vreid og gret så mang ei tår.  
"Gud trøyste meg for fattigsvein som eg til brudgom får!"

21) "Nei, eg er ingen fattigsvein om enn det tykkjest så.  
Eg er den gjævast kongeson som soli skine på."

22) Med krun' av gull han rider no rett fram til  
brudlaupsgård.  
Med raude rosor flettar ho sitt vene gule hår.